



Bokn kommune

Møteprotokoll

Utval: Ungdomsrådet
Møtestad: Boknahåve
Dato: 16.02.2026
Tid: Kl. 18:00 – 19:30

Følgande medlemmer møtte Parti

Live Øvrebø
Nora Skjelde Prestbø
Tobias Hatlem
Truls Foss (teams)
Espen Ognøy Våge (teams)
Stian Ognøy Våge
Sanne Øvrebø (teams)

Forfall

Magne Røsdal Lund

Parti

Leiar

Parti

Andre som møtte

Lena Lønning Dybdal

Stilling

miljøterapeut

Merknader til innkallinga: Ingen merknad

Merknader til sakslista: Ingen merknad

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart valde: Truls Foss og Espen Ognøy Våge

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
006/26	Godkjenning av innkalling
007/26	Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll
008/26	Samlesak for orienteringsaker
008/26.1	Reguleringsplan Gamle Holmen Føresvik
009/26	Eventuelt og spørsmål

006/26 Godkjenning av innkalling

16.02.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Ungdommane kjem med forslag om at ein legg ved link til sakane når ein send ut innkallinga. Undertegnede skal prøve å få dette til ved neste innkalling.

UNG - 006/26 Vedtak

Innkallinga vert godkjent utan merknader.

007/26 Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll

16.02.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Fleire av medlemmene som går på ungdomsskulen har ikkje bank - id pga alder. Det blei derfor litt utfordringar med å godkjenne sist møteprotokoll. Fram til dei aktuelle medlemma har fått meir informasjon / opplæring i kva dei då skal gjere for å signere, blir det medlemma som kan signere med bank id som gjer dette inntil vidare.

UNG - 007/26 Vedtak

Møteprotokollen vert samrøystes godkjent. Truls Foss og Espen Ognøy Våge blir vald til å signere møteprotkollen.

008/26 Samlesak for orienteringsaker

16.02.2026 Ungdomsrådet

Behandling

UNG - 008/26 Vedtak

Orienteringane blir tatt til informasjon

008/26.1 Reguleringsplan Gamle Holmen Føresvik

16.02.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Omega kjem i møte for å orientere om Gamle Holmen og reguleringsplanar i den forbindelse. Ungdommane får ein god og lang orientering om dei to alternativa, og gis også anledning til å kome med eigne innspel. Ungdommane drøftar dei to ulike alternativa. To av medlemmene likar alternativ 2 best, dei andre har ikkje nokon konkrete meiningar om det, då dei likar begge alternativa. Det blir litt spørsmål om hovedvegen som kjem ner til "sentrum", og kva ein kjem til å gjere med den mtp. fart. Det vil bli regulert når kommunen vedtar kva for eit alternativ dei vil gå for. Då vil nok farten bli redusert.

Det blir snakka om rom / lokalet til ein eventuell fritidsklubb. Ungdomsrådet tok opp i forrige møte at dei ynskjer å beholde fritidsklubben i området den er nå, oppe ved Kyrkjebygd. Dei har dermed ikkje eit konkret ynskje om å etablere seg ved Gamle Holmen. Det dei derimot ynskjer seg er eit rom / lokale i forbindelse med butikken som skal kome på Gamle Holmen. Der ynskjer dei å "henge" / treffes. Det kjem også ynskje om treningsrom / treningsstudio.

UNG - 008/26.1 Vedtak

Ungdomsrådet blir orientert og gis anledning til å kome med innspel til reguleringsplanen for Gamle Holmen.

009/26 Eventuelt og spørsmål

16.02.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Ungdomsrådet er positive til å vere med på ein slik kamp på 17. mai. Dei er opne for forslag til idrett, men badminton og volleyball er noko som blir nemnd. Det er nokre medlemmer som ikkje skal vere på Bokn under 17. mai feiringa. Ungdomsrådet treng dermed litt hjelp frå tidlegare medlem dersom det blir volleyball.

Undertegnede har fått svar frå Tobias Sten og Bausa at dei ikkje har anledning til å ta på seg eit arrangement for ungdom no.

UNG - 009/26 Vedtak

Ungdomsrådet vedtek samrøystes at dei blir med på kamp under årets 17. mai feiring.